



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunn Helen Henne, 5764 3140

Oppdatert løyvedokument for Atløy Båt- og Marina AS sin lokalitet 45242 Natura i Askvoll

Vi viser til tidlegare dokument med løyve til forureinande verksemd for akvakulturlokaliteten Natura som vart oversendt 19.02.2025.

Lokaliteten er no registrert i Akvakulturregisteret og vår database Forurensning, og vi har oppdatert løyvedokumenta med dei opplysningane som ikkje var klare ved vedtakstidpunktet.

Endringane i løyvet gjeld berre anleggs- og lokalitetsdata, og endrar ikkje vilkåra for løyvet elles. Løyvet vil no også bli offentleg tilgjengeleg via nettsida www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Kristine Hetlesæter
rådgjevar

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 kopi - Vedtak 19.02.2025 om løyve etter forureiningslova til Atløy Båt & Marina AS
- 2 Natura - oppdatert utslippsløyve 07.03.2025 - Atløy Båt og Marina AS

Kopi til:

Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND



Mottakerliste:

ATLØY BÅT & MARINA AS
Vestland fylkeskommune

c/o Artic Group AS Hafstadvegen 17
Postboks 7900

6800 FØRDE
5020 BERGEN



Likelydande brev til:

1. Vestland fylkeskommune
2. Atløy Båt & Marina AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunn Helen Henne, 5764 3140

Vedtak om løyve etter forureiningslova til Atløy Båt & Marina AS for landbasert akvakulturanlegg på lokaliteten Natura i Askvoll kommune

Atløy Båt & Marina AS får løyve etter forureiningslova til utslepp frå landbasert akvakulturanlegg med årleg produksjon av inntil 4000 tonn biomasse av postsmolt på lokaliteten Natura i Askvoll kommune.

Det er sett særskilte vilkår knytt til reinsing av anlegget sine utslepp til sjø, overvaking av miljøverknader av utsleppa, og krav om kartlegging av marint naturmangfald i området som utsleppa kan påverke.

1. Vedtak

Statsforvaltaren gir Atløy Båt & Marina AS løyve til forureinande verksemd. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt. Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet gjeld frå 19.02.2025. Løyvet etter forureiningslova kan likevel ikkje takast i bruk før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Atløy Båt & Marina AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Gebyret er fastsett til 133 000 kroner (fjorårets sats). Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

1.1. Nokre viktige fristar

Vilkår nr.	Innhald	Frist
11.5	Registrere miljø- og artsdata frå søknadsdokumentasjonen i databasar	01.06.2025
11.1	Plan for risikobasert overvaking av resipient (overvakingssystem) til Statsforvaltaren	Innan produksjonsstart



11.1	Miljøgranskingar for å dokumentere n-tilstanden i området som utsleppa kan påverke, inkl. ev. straummålingar og modellering	Innan produksjonsstart
11.3	Kartlegging og rapportering av sårbart naturmangfald	Innan produksjonsstart
10.2	Årsrapportering for utsleppsrelevante data og ev. avvik frå løyvet	1. mars kvart år
11.4	Årleg sjekk av strandsona	Årleg, i løpet av sommarhalvåret
11.5	Rapportering av miljøgranskingar og registrering i databasar	Fortløpande

2. Bakgrunn for saka

2.1. Søknaden

Atløy Båt & Marina AS har søkt om løyve til å etablere eit nytt landbasert akvakulturanlegg for produksjon av postsmolt av laksefisk på lokaliteten Natura i Askvoll kommune. Anlegget er planlagt drifta med avsalta sjøvatn frå inntak på 80 meters djup i Tvibyrgsundet, resirkuleringsteknologi (RAS) og med utslepp av reinsa og desinfisert avløpsvatn på 37 meters djup i Vilnesfjorden sør for Barsundet. Saltet frå avsaltingsprosessen vert tilført avløpet igjen før utslepp stil sjø.

Den årlege produksjonen som det er søkt om, er på opp mot 12 millionar fisk med snittstorleik på 500 g, berekna til totalt 4000 tonn fisk og eit fôrforbruk på 4000 tonn. Anlegget vil produsere fisk med større eller mindre storleik ut frå marknadsbehov, innafor totalbiomassen på 4000 tonn. Maksimal ståande biomasse i anlegget vil bli inntil ca. 934 tonn, og maksimal fôrmengd per veke vil bli inntil ca. 108 tonn. Dei årlege utsleppa av nitrogen (N), fosfor (P) og organisk karbon (TOC) frå produksjonen er rekna ut frå eit konservativt anslag for kor mykje utsleppsreduksjon eit mekanisk filteranlegg vil oppnå (10 % for N, 40 % for P og TOC).

Ytterlegare faktagrunnlag om m.a. utsleppsmengder og miljøforhold i utsleppsområdet, og opplysningar om saksgangen, er nærmare omtalt i kapittel 4 og 5.

2.2. Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming



Kunnskapsgrunnlag og miljøverknader

Vi har nytta det samla naturfaglege kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget som Statsforvaltaren disponerer ved vurderinga av søknaden.

Søkjjar har gjort greie for registrerte naturverdiar slik dei er tilgjengelege som registreringar i tilgjengelege databasar, og har kartlagt miljøtilstanden og marin natur i det området som den opphavlege søknaden hadde søkt om utslepp til. Statsforvaltaren var usikker på miljøet si toleevne for dei omsøkte utsleppa i det opphavlege utsleppsområdet, og ba undervegs i behandlinga av søknaden om utgreiing av alternativ utsleppsstad. Det er ikkje gjort nye kartleggingar og miljøgranskingar i det området som utsleppspunktet som følgje av dette vart flytta til, sør for Barsundet. Dokumentasjonen som ligg føre i søknaden er såleis ikkje fullt dekkande for heile området som utsleppa kan påverke. Kunnskapsgrunnlaget om miljøtilstanden og naturmangfaldet i området er meir utfyllande omtalt i kapittel 4.2.

Søkjjar har fått utarbeidd eit notat med ei fagleg vurdering av kva endringa av utsleppspunktet kan ventast å bety for natur og miljø. Utsleppa ventast å få ei større spreiding og fortykning ute i det opne fjordområdet, enn i det meir innelukka og grunne området som var opphavleg tiltenkt som resipient for utsleppa. Miljødokumentasjon frå søknad om etablering av den nærliggjande akvakulturlokaliteten Laukelandsøyna (ca. 1 km vest for utsleppspunktet) er vurdert til å gi tilstrekkeleg informasjon om den upåverka miljøtilstanden generelt i fjorden. Utsleppspunktet ligg tett ved ei naturtyperegistrering av ein viktig tareskoglokalitet. Utbreiinga til tareskogen er modellert og ikkje sjekka i felt, men utsleppa ventast å bli innlagra djupt nok til å ikkje påverke økosystema i tareskogen vesentleg.

Djupt inntak av salt og «tungt» sjøvatn frå 80 meters djup, som skal sleppast ut att på 37 meters djup, der dei omkringliggjande vassmassane er mindre salte og «lettare», vil truleg gi låg risiko for at avløpsvatnet blandar seg vesentleg oppover i vassøyla. Og dermed låg risiko for direkte påverknad i øvre opne vassmassar og i tareskogen. Straumtilhøva som er målt ved nærliggjande akvakulturlokalitetar aust og vest for utsleppspunktet, tyder på vasstransport som i hovudsak vil gi spreiding vestover mot ein open resipient med gode miljøtilhøve som ventast å kunne omsette dei utsleppa som anlegget vil få, på ein tilfredsstillande måte.

Vi kjenner ikkje til anna verdfullt naturmangfald i nærleiken av Natura og utsleppspunktet som etableringa av anlegget vil kunne kome i konflikt med. Samstundes er kunnskapen om naturmangfaldet i våre marine økosystem avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde.

Statsforvaltaren vurderer at forholda som er kartlagde og dei faglege vurderingane som er gjort, gir eit godt nok kunnskapsgrunnlag for å ta ei avgjerd i saka. Vi vurderer risikoen for eutrofiering og vesentlege negative verknader på vassmiljøet og strandsona som låg. Etablering av eit nytt utsleppspunkt med dei utsleppsmengdene som er skisserte i søknaden vil gjere at den samla belastninga på resipienten vil auke (jf. naturmangfaldlova § 10), men blir likevel vurdert som å vere innafor akseptgrensene, ut frå den kunnskapen som ligg føre og dei vilkåra som er sett i løyvet.

Atløy Båt & Marina AS skal innan produksjonsstart levere eit risikobasert overvakingssystem og undersøke no-tilstanden i området som blir berørt av utsleppa. Med bakgrunn i at kunnskapen vi har om resipienten er noko mangelfull, er det nødvendig å gjere miljøgranskingar av no-tilstanden i det aktuelle utsleppsområdet og å kartlegge sårbare naturtypar som utsleppa kan få ein verknad på, før oppstart av produksjon i anlegget. Vidare overvaking av resipienten og influensområdet til anlegget er også nødvendig, for å følgje utviklinga når anlegget kjem i drift. Resultata vil bidra til å styrke kunnskapsgrunnlaget, og blir førande for vidare regulering av drifta. Framtidig overvaking skal



organiserast som eit heilskapleg og risikobasert overvakingsprogram, som er tilpassa plasseringa og spreininga av utsleppet og dei natur- og miljøverdiane som utsleppa kan påverke.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Atløy Båt & Marina AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12, og forureiningslova § 2) som er tilgjengelege for næringa i dag. Ved eventuell redusert miljøtilstand i influensområdet til utsleppa, pliktar verksemda å lage ein tiltaksplan for å betre tilhøva.

Utsleppsmengder og utsleppsreducerande tiltak

I dag blir det ikkje nødvendigvis sett like krav til akvakulturanlegg og andre utsleppskjelder med utslepp av næringssalt, slik som til dømes kommunale avløpsanlegg og ulike industribransjar. Regelverkendringar for avløp og industri, og generelle innskjerpingar som gjeld utslepp til miljøet og verknad på vassmiljø og naturmangfald, vil kunne bety strengare regulering av akvakulturanlegg sine utslepp i framtida. Til dømes vil nye EU-krav til kommunalt avløp også få verknad i Noreg. EU-avløpsregelverket har strengare krav om nitrogenfjerning frå avløpsvatn enn det som har vore praksis i Noreg hittil.

I løyvet er det sett krav om utsleppsreduksjon i samsvar med det som vart søkt om. Vi vurderer dette nivået av utsleppsreduksjon som «på det jamne» med krava som er sett til andre landbaserte anlegg dei seinare åra, og oppnåeleg, ut frå dei årsrapportane vi har samla inn frå andre anlegg i drift. Statsforvaltaren vil ha høve til å sette andre og eventuelt strengare krav og utsleppsgrenser ved seinare revisjonar av løyvet.

Handtering av slam

Reinsing av avløpet gir slam som må handterast forsvarleg på anlegget for å ikkje gi luktproblem eller medføre nedstraums miljøproblem vidare i handteringskjeda. Søknaden er ikkje konkret på dei vidare planane for kva som skal skje med slammet som vert samla opp ved Natura.

Det er gitt løyve til mange landbaserte anlegg med reinsekrav i Vestland dei seinare åra, og det vert prøvd ut ulike typar oppsamlingsteknologi for slam også frå anlegg i sjø. Til saman kan dette bety at det innan relativt kort tid vil bli store volum med slam som skal handterast. Mottakskapasiteten er forventa å auke i takt med at anlegga vert sett i drift, men mykje er framleis uavklart om prosessar, sluttprodukt og bruksområde.

Vi ser det som viktig at heile «slam-kjeda» trekker i same retning, slik at slammet vert ein sirkulær ressurs, og ikkje eit miljøproblem. Dette vil til dømes bety at Atløy Båt & Marina AS må ha god kunnskap om, og kontroll på, innhaldet i slammet sitt, og kva ulike tilsetningar eller prosessar i anlegget si slamhandtering medfører av eventuell avgrensingar for vidare bruk og nytte.

Løyvet sine vilkår er likevel ikkje så detaljerte på dette området, ut over at det er sett krav om analysar av innhaldet i slammet og å handtere slammet forsvarleg utan fare for forureining. Dette er gjort for å ikkje avgrense val mellom ulike løysingar som kan nyttast innanfor desse generelle krava.

Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at etablering av eit landbasert oppdrettsanlegg for produksjon av laksefisk ved Natura er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene samanstillt med fordelar og ulemper som landbasert produksjon elles vil medføre, gjev vi løyve til Atløy Båt & Marina AS for ein årleg biomasseproduksjon på 4000 tonn på nærare fastsette vilkår.



3.2. Grunngeving for utvalde vilkår

Utsleppsreducerande tiltak og utsleppsrapportering (vilkår 3 og 10 i løyvet)

Vi set krav om utsleppsreduksjon og reinsing av avløpsvatnet før utslepp til sjø for alle større landbaserte akvakulturanlegg. Vilkåra om utsleppsreduksjon er funksjonsbaserte og teknologinøytrale, det vil seie ikkje knytt til spesielle reinseløysingar, utstyr eller teknologiar. Det betyr også at anlegget bør ta høgde for endringar, både i endra krav til reinsing, og generelle krav til næringa.

I dette løyvet er det sett krav om utsleppsreduksjon for nitrogen, fosfor og organisk karbon. Det er gitt grenser for totale utslepp per år, og spesifikke utslepp per tonn produsert fisk. Dei spesifikke utsleppa er vurdert som mest relevant som mål på kor godt anlegget lukkast med å redusere utsleppa sine, ettersom dette har proporsjonalitetsprinsippet (at utsleppsgrensa følgjer produksjonen proporsjonalt) innbakt i seg.

Kor bra reinsinga fungerer, må kunne dokumenterast gjennom utsleppskontroll og årsrapportering. Verksemda skal årleg rapportere til Statsforvaltaren om fôrforbruk, biologisk produksjon, slamproduksjon og resultat av analysar av innhaldet i slammet. Når det vert tilrettelagt for rapportering gjennom Altinn, vil det erstatte rapportering direkte til oss.

Overvaking av miljøtilstanden i resipienten (vilkår 11 i løyvet)

Løyve til utslepp frå akvakulturproduksjon vert gitt med føresetnad om at naturen kan omsette dei utsleppa som anlegget har etter kvart, utan at miljøet vert overbelasta. For at verksemda skal kunne dokumentere at drifta er i tråd med denne føresetnaden, må verksemda overvake effekten som utsleppa har på miljøet.

Det er søkt om ein stor produksjon, med store utslepp. Løyvet har vilkår om risikobasert overvaking av miljøtilstanden og verknader på omkringliggjande naturmangfald i vassøyla, i strandsona og på sjøbotnen. Ettersom utsleppspunktet vart flytta, og det ikkje er gjort full kartlegging av natur- og miljøtilhøve i det som no blir influensområdet for utsleppa frå anlegget, må det manglande kunnskapsgrunnlaget komme på plass før oppstart av drift.

Overvakingområdet må avgrensast ut frå kunnskap om kva for område og kva typar naturmangfald som kan bli påverka av utsleppa. Slik kunnskap kan til dømes vere straummålingar i relevante djup og målepunkt kring utsleppspunktet, modellering av korleis utsleppa vert spreidd/fortynna og kartlegging av sårbart naturmangfald.

Kartlegging av sårbart naturmangfald (vilkår 11.3 i løyvet)

Kunnskapen om sårbart naturmangfald i området som kan bli påverka av utslepp frå anlegget er mangelfull. Det er difor sett vilkår om kartlegging av sårbare artar og naturtypar før oppstart av produksjonen.

Dersom kartleggingane syner funn av viktige marine naturtypar, og det det blir vurdert at det er risiko for at utsleppa frå anlegget vil kunne skade desse førekomstane, har Statsforvaltaren høve til å endre løyvet, og om naudsynt trekke det attende. Krav om overvaking av sårbare artar kan bli pålagt som tilleggsvilkår.



Risikovurdering av utslepp av kjemikal (vilkår 2.6 og 6 i løyvet)

Alle utslepp av kjemikal og miljøgifter skal risikovurderast jf. vilkår 2.6 om internkontroll og vilkår 6 om kjemikal. Vi manglar kunnskap om korleis ein del kjemikal og legemiddel knytt til medisiner og parasittnedkjemping verkar på miljøet over tid. Difor må risikovurderinga avdekke om kjemikala kan ha skadelege effektar på helse og miljø.

Støy (vilkår 7.1 i løyvet)

Utslepp av støy er regulert gjennom grenser sett i utsleppsløyve vilkår 7.1. Vi har nytta standard grenseverdiar for støy som vilkår i løyvet.

Utslepp av plast (vilkår 9.3 i løyvet)

Vi kjenner per i dag ikkje det nøyaktige omfanget av utslepp av plast frå akvakulturanlegg, men ser det som ein miljørisiko. Difor set vi vilkår om at verksemda skal ha risikovurderingar og gjere tiltak for å redusere utslepp av mikro- og makroplast frå plastbasert driftsutstyr, jf. vilkår 9.3 i utsleppsløyvet. Verksemda må nytte beste tilgjengelege teknikkar for å redusere utsleppa av plast.

3.3. Fråsegn til fylkeskommunen om verknader for natur og friluftsliv

Anlegget ved Natura skal plasserast på eit allereie nytta næringsområde der kommunen gjennom eit dispensasjonsvedtak prioriterer akvakulturverksemd framfor andre ålmenne brukarinteresser. Askvoll kommune har vurdert at etableringa ikkje vil gi vesentlege konfliktar med andre interesser i området, jf. punkt 4.3 og 4.4.

Vi har ikkje kjennskap til vesentlege konfliktar med registrerte verdiar for natur og friluftsliv i området. Det er likevel ein viss risiko for at utsleppa frå anlegget kan få konsekvensar for marine naturverdiar, ettersom det nye utsleppsområdet er ufullstendig kartlagt. Dette blir regulert gjennom vilkåra i utsleppsløyvet.

Vi minner også om at den framande arten havnespy (*Didemnum vexillum*, japansk sjøpung) er funne i fleire hamneområde på Vestlandet, mellom anna i hamnebassenget i Florø og ved Skipavika i Gulen. Alle tiltakshavarar har ansvar for å gjere nødvendige risikovurderingar og tiltak for å ikkje spreie denne arten til nye område i samband med sin aktivitet, jf. naturmangfaldlova § 28 og forskrift om framande organismar § 18. Vi har meir informasjon om havnespy på nettsida vår², som vert jamleg oppdatert.

4. Faktagrunnlag

4.1. Utslepp

Generelt om utslepp frå landbasert akvakultur

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare.

² [Hamnespy er ein inntrengar som er komen for å bli | Statsforvaltaren i Vestland](#)



Det er store vassmengder som skal gjennom eit anlegg med stor produksjon av fisk, og for å redusere vassforbruk og pumpekostnader blir det vanlegvis nytta ulike former for vassparing. I praksis vert dette gjort med resirkulering av ein større eller mindre del av vatnet. Det synest ikkje å vere nokon større systematisk skilnad i utsleppsreduksjonen mellom reine gjennomstrøymingsanlegg og RAS-anlegg. Vassparinga i seg sjølv gir ikkje reduserte utslepp.


Reinsing av resirkuleringsvatnet i eit RAS-anlegg har som hovudfunksjon å sikre at vatnet har rett kvalitet for ein «ny runde» i anlegget. Dette omfattar utlufting av karbondioksid, oksygentilsetting og omdanning av ammoniakk til nitrat (avgiftning) i vatnet som skal tilbake til fisken (RAS1-teknologi).

Reinsing av avløpsvatnet som går til utslepp, både frå eit RAS-anlegg og eit gjennomstrøymingsanlegg, er vanlegvis avgrensa til ulike former for partikkelfjerning. Dette er mekanisk filtrering, eventuelt i kombinasjon med enkel kjemisk utfelling/flokkulering av partiklar. Dersom ein skal opp på neste nivå av reinsing, må ein redusere utsleppa av dei oppløyste næringsalta nitrogen og fosfor. Slik reinsing er velprøvd i større avløpsanlegg, men dette krev større investeringar, og har spesielt høg kostnad knytt til nitrogenfjerning.

Organiske utslepp og næringsalt

Grovt sett består avløpsvatnet (før reinsetiltaka) av to tredeler oppløyste næringsalt og ein tredel partikulært organisk materiale. Så lenge anlegga berre har partikkelreinsing, vil hovuddelen av utsleppa vere oppløyste næringsalt og finpartikulært organisk materiale som ikkje let seg ikkje samle opp ved filtrering. Av næringsalta nitrogen og fosfor, er det nitrogen som gir den mest potente gjødslingseffekten i sjø, ettersom primærproduksjonen i sjøen normalt sett vert avgrensa av nitrogenmangel.

Store anlegg vil ha store utslepp av næringsalt. Eit litt grovt estimat tilseier at produksjon av 1 tonn fisk har nitrogenutslepp tilsvarande avløp frå 10 personar (10 PE, eller personekvivalentar).



Figur 1. Spesifikke utslepp av nitrogen (kg/tonn fisk) sett opp mot fôrfaktor. Tal frå årsrapportar frå settefisk- og postsmoltanlegg i Vestland dei siste åra.

Statsforvaltaren set vilkår om årleg utsleppsrapportering frå landbaserte akvakulturanlegg. Vi har etter kvart samla ein del erfaringsdata om utsleppsmengder og oppnådd utsleppsreduksjon frå landbasert settefisk- og postmoltproduksjon. For alle anlegga sett under eitt, har brutto utslepp av nitrogen vore redusert med i snitt om lag 10 – 12 %, men det er store skilnader mellom anlegg. Faktorar som ser ut til å verke inn på utsleppsreduksjonen er i kva grad partiklane går i oppløysing, bruk av flokkulantar, og avstanden mellom kar og filter. Så langt tyder våre erfaringstal på at det er fôrfaktoren som har størst innverknad på dei spesifikke utsleppa (utsleppa per tonn produsert fisk) i landbaserte anlegg, jf. Figur 1.



Avløpsreinsing og utrekning av utsløppsmengder for anlegget ved Natura

Atløy Båt & Marina AS har lagt opp til reinsing av avløpsvatnet med mekanisk filtrering med 40 µm lysopning, og vidare slambehandling som gir eit slam med tørrstoffinnhald på 25-30 %. Det reinsa avløpsvatnet skal desinfiserast med UV før utsløpp til sjø.

Statsforvaltaren nyttar ein enkel modell for utrekning av utsløppsmengder basert på stoff-flyten i anlegget. Enkelt forklart er han basert på føresetnaden om at utsløppa av nitrogen, fosfor og karbon kjem frå mengda som finst i fôret som er nytta. Stoffmengda som er att i fisken som er produsert (inkl. daudfisk) og slammet som er samla opp er trekt frå. Denne standardiserte reknemåten er også eit krav ved den årlege rapporteringa av utsløppsmengder, og er lik for alle anlegg.

I søknaden er det rekna ut årlege utsløppsmengder³ av N, P og TOC ut frå ein produksjon av 4000 tonn biomasse, med føresetnad om fôrfaktor 1,0 og ein konservativ utsløppsreduksjon på 10 % for N og 40 % for P og TOC. Årsutsløppa vert då 161,6 tonn N, 22,8 tonn P og 300 tonn TOC.

Omrekna til spesifikke utsløpp per tonn fisk produsert, vert dette 40,4 kg N, 5,7 kg P og 75,0 kg TOC.

Kjemikal og miljøgifter

Produksjonen vil ha utsløpp av legemiddel, og vaske- og desinfeksjonsmiddel. Fôret som vert brukt vil også gi utsløpp av enkelte miljøgifter, og slammet som vert samla opp frå produksjonen kan innehalde dei same miljøgiftene.

Reinsing av avløpsvatnet vil redusere mengdene forureining som vert sleppt direkte ut i miljøet for dei stoffa som er knytt til partiklar. Den forureininga som er samla opp vil måtte handterast i den vidare behandlinga/bruken av slammet.

Fiskefôr inneheld fleire miljøgifter som er nærare omtalt i vassforskrifta. Til dømes er kadmium og kvikksølv europeisk og nasjonalt prioriterte miljøgifter som inngår i kjemisk tilstandsvurdering etter vassforskrifta. Sink og kopar er såkalla vassregionspesifikke stoff, som per i dag inngår i økologisk tilstandsvurdering etter vassforskrifta.

Plast og marin forsøpling

Slitasje på røyr og andre anleggsdelar av plast vil medføre at det vert danna større og mindre plast-partiklar. Plasten kan følgje med avløpsvatnet ut i det marine miljøet, eller forureine slammet som vert samla opp i reinseprosessane i anlegget. Mikroplast vil kunne finne vegen inn i næringskjeda.

Avfall og biprodukt

Rett handtering og lagring av avfall skal ikkje gi utsløpp til miljøet.

Slam og anna organisk avfall kan og bør utnyttast som ein sirkulær ressurs. Ved reinsing av avløpsvatnet frå større landbaserte anlegg vil det bli generert store mengder slam som må handterast vidare. Det er fleire alternativ for vidare handtering, lagring og avhending, og risikoen for utsløpp til luft (lukt) eller vatn må vurderast i kvart tilfelle.

Død fisk blir konservert ved ensilering og vanlegvis nytta i andre sin produksjon av protein eller biogass. Rett handtering og lagring av ensilasje skal ikkje gi utsløpp til miljøet.

Akvakulturproduksjon genererer vanlegvis små mengder farleg avfall, med låg risiko for utsløpp.

³ Klem & Tveranger (2022): *Dokumentasjonsvedlegg til søknad om etablering av postsmoltanlegg ved Natura i Askvoll kommune, med konsekvensvurdering*, Rådgivende Biologer rapport 3686



Støy og lukt

Større landbaserte akvakulturanlegg har vanlegvis produksjon som i større eller mindre grad går føre seg inne i bygningar. Det kan likevel også vere noko støy frå produksjon, utstyr og driftsoperasjonar ute. Støynivå, avstand til naboar og ev. skjerming av lyd pga. bygningsmasse vil vere avgjerande for eventuelle konflikhtar knytt til støy.


Teikningar av anlegget ved Natura syner at anlegget vil ligge tett på eksisterande veg og bygningar. Avstanden frå sørlegaste enden av anlegget til næraste naboar vil bli om lag 150-200 meter.

4.2. Resipient og lokalitet

I tillegg til miljødokumentasjon vedlagt i søknaden nyttar Statsforvaltaren også andre kunnskapskjelder for å opplyse saka. Dette kan vere data som ligg i offentlege databasar, kunnskap frå miljøavdelinga sine andre ressursar, data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemder.

Sjøvassinntak og utsleppspunkt

Sjøvassinntaket til Natura er planlagt på 80 meters djup i Tvibyrgssundet, ca. 4,5 km nordvest for anlegget. Utsleppspunktet var opphavleg plassert like utanfor anlegget på 28 meters djup. Etter dialog mellom søkjar og Statsforvaltaren vart utsleppet flytta ut av dette grunne og skjerma området, og ut gjennom Barsundet til 37 meters djup i Vilnesfjorden sørvest for anlegget⁴.



Figur 2. Sjøvassinntak (blå linje) og utsleppsleidning (raud linje) for det landbaserte anlegget ved Natura. Lokaliteten Laukelandsøyna er vist med grønt. Frå Rådgivende Biologer sitt notat 4.4.2024.

Vassførekomstane Aldefjorden og Vilnesfjorden-indre

Utsleppspunktet for anlegget ved Natura ligg i vassførekomsten Aldefjorden (Vann-Nett-ID 0280031600-C⁵), men avstanden til grensa mot vassførekomsten Vilnesfjorden-indre (Vann-Nett-ID 0280030301-C⁶) er under 100 meter (Figur 3).

Begge vassførekomstane er karakterisert som moderat eksponert kyst, og er samla sett vurdert til å ha svært god økologisk tilstand. Den økologiske tilstanden er basert på data om mellom anna


⁴ Klem (2024): *Oppdatering av posisjon for avløp, ifm. pågående søknad om postsmoltanlegg ved Natura i Askvoll kommune*, Rådgivende Biologer notat 4.4.2024

⁵ Aldefjorden i Vann-Nett: <https://vann-nett.no/waterbodies/0280031600-C/factsheet/summary>

⁶ Vilnesfjorden-indre i Vann-Nett: <https://vann-nett.no/waterbodies/0280030301-C/factsheet/summary>



botnfauna og tungmetall, og kunnskapsgrunnlaget er vurdert som middels til høgt. «Svært god økologisk tilstand» reflekterer her miljøtilhøve som er tett opp til naturtilstanden. Den kjemiske tilstanden er også god i Aldefjorden, medan det ikkje er nok datagrunnlag for å vurdere den kjemiske tilstanden i Vilnesfjorden-indre.



Figur 3. Utsleppspunktet for avløpet frå det landbaserte anlegget ved Natura (raud prikk) ligg tett inntil grensa mellom vassforekomstane Aldefjorden (t.v.) og Vilnesfjorden-indre (t.h.). Skjermdump frå fylkesatlas.no.

Miljøgranskingar

Resipient, sediment og botnfauna

Sjøbotnen ved utsleppspunktet skrar ned mot to djupare område som ligg aust og vest for utsleppet. I følge sjøkart er djupområdet i vest om lag 183 meter djupt, og djupområdet i aust om lag 175 meter djupt, på det djupaste. Området mellom er om lag 140 meter djupt.

Dokumentasjonen i søknaden hadde undersøkt resipienten ved det opphavlege utsleppspunktet, og det er ikkje gjennomført nye miljøgranskingar i det nye utsleppsområdet.

Miljødokumentasjon frå søknad ved nærliggande lokalitet Laukelandsøyna^{7,8,9} (vist på Figur 2) gir litt informasjon om generelle miljøtilhøve i fjordområdet. Botnfaunaen i området hadde god eller svært god miljøtilstand ved alle stasjonar, og det var låge nivå av kopar og sink i sedimentet. Straummålingane frå Laukelandsøyna tyder på at utsleppa frå Natura kan ventast i hovudsak å bli spreidd vestover.

Rådgivende Biologer har oppsummert sitt notat om det nye utsleppspunktet⁴ slik:

En flytting av avløpet til den nye posisjonen vil trolig ikke medføre noen særskilt større risiko for påvirkning på naturtyper eller smittepotensialet i området. Det anbefales at selskapet gjennomfører strømmålinger ved utslippspunktet. Når en har resultatene fra disse målingene, kan en sette stasjoner for en forundersøkelse for bunndyr samt makroalger ved avløpet. Disse undersøkelsene vil fungere som referanseundersøkelser og det bør være tilstrekkelig at strøm-, bunndyr- og makroalgeundersøkelsene

⁷ Glindø (2021): Vurdering av strømførhold ved Laukelandsøyna. Åkerblå rapport 102082-01-001

⁸ Østensvig (2021): C-undersøkelse for Laukelandsøyna. Åkerblå rapport 102529-01-001

⁹ Østgaard (2021): Forundersøkelse for Laukelandsøyna. Åkerblå rapport 102530-01-001



gjennomføres før oppstart på lokaliteten, da det er lite risiko knyttet til miljøpåvirkning i den åpne resipienten der avløpet er plassert.

Innlagring og fortykning av utsleppa

Modellering av innlagring og fortykning i søknadsdokumentasjonen gjeld opphavleg plassering av utsleppspunktet, og det er ikkje gjort på nytt for det nye utsleppspunktet. Rådgivende Biologer sitt notat om det nye utsleppspunktet⁴ har gjort nokre vurderingar knytt til salinitet og tettleik i avløpsvatnet samanlikna med målte profilar av vassøyla ved Laukelandsøyna, og konkluderer med at avløpsvatnet sannsynlegvis vil innlagrast tilfredsstillande.

Registrerte sårbare artar og viktige marine naturtypar

Det er ikkje gjennomført nokon systematisk kartlegging av sårbare artar og naturtypar på djupt vatn i fjordane og langs kysten. Det er derfor få registreringar av sårbare artar i nasjonale karttenester. Førekomstar av nokre viktige marine naturtypar er modellert, men berre i varierende grad verifisert i felt.

Rådgivende Biologer har i dokumentasjonen til søknaden³ nemnt nokre område som også vil vere lokalisert i influensområdet til det nye utsleppspunktet. Mellom anna tareskog som er verdisett til «viktig» i heile området frå Klubbeneset og vestover mot Lauklandsvika¹⁰, eit sjøfuglreservat ved Raudøy¹¹ med stor verdi som hekkeplass for ei rekkje artar, og eit lokalt viktig gytefelt for torsk ved Djupevika. Konsekvensane for desse områda vart vurdert som små, for avløpet ved opphavleg utsleppspunkt.

Det nye utsleppspunktet kjem tettare på området med naturtypen tareskog. Rådgivende Biologer har vurdert dette i notatet om det endra utsleppspunktet⁴, og konkludert med at avløpet også her truleg vil medføre «ubetydelig endring».

4.3. Tilhøvet til plan

Akvakulturanlegget skal etablerast på eit område som er avsett til næringsområde i kommuneplanen for Askvoll. Askvoll kommune har 10.05.2021 gitt ein dispensasjon for å nytte området til landbasert akvakulturanlegg, med vilkår som m.a. er knytt til støy og lukt, og til omsyn til hekkande fugl:

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova vert det gjeve dispensasjon frå føremålet i arealdelen og § 1-8 i pbl på følgjande vilkår:

- At tomtearbeid eller byggearbeid som sprengning eller spunting, skal det gjerast utanfor hekkeperioden i mai-juli.*
- At anlegg får farge og materialbruk som ikkje framhevar det i landskapet.*
- At anlegg og utstyr skal plasserast slik at det ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vasstand, medrekna stormflo og bølgepåverknad. Ved søknad om byggeløyve skal dette dokumenterast.*
- At støy frå verksemda skal ligge under støygrensar fastsett i retningslinjer eller forskrift i medhald av forureiningslova, Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, grenseverdiar for industristøy og at støykjelder i størst mogleg grad skal byggjast inn i bygningsmassen.*

¹⁰ Lauklandsvika, tareskog: <https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00121870>

¹¹ Raudøy naturreservat: <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001315>



· at det vert lukka anlegg for slam eller tilsvarande løysinagar slik at det vert minst mogleg lukt frå anlegget.

Askvoll kommune har 26.09.2022 vurdert søknaden som i samsvar med dispensasjonen.

4.4. Andre verdiar for natur og friluftsliv i området

Området på land der anlegget skal etablerast er regulert for næringsverksemd, og det er teke i bruk til næringsaktivitet frå før. Askvoll kommune har kartlagt og vurdert konflikhtar med andre interesser i dispensasjonssaka frå 2021 og ved vurdering av søknaden i 2022, og kome til at anlegget kan etablerast utan store interessekonflikhtar.

5. Saksgang

5.1. Korrespondanse

Søknaden er datert 24. juni 2022, og vart oversendt frå Vestland fylkeskommune til kommunen og sektormyndigheitene den 4. juli 2022. Kommunen si handsaming av saka vart ettersendt 8. desember 2022.

Etter å ha gått gjennom den originale søknaden og kome langt i behandlinga av denne, tok Statsforvaltaren kontakt med sækjar om vår bekymring for om området som avløpsvatnet var tenkt sleppt ut i, ville tole dette. Vi ba sækjar om å sjekke om det fanst andre alternativ for utsleppsstad. Sækjar fann moglegheit for endring av utsleppspunktet til ein meir eigna resipient. Tilleggsinformasjonen om endra utsleppspunkt vart ettersendt den 4. april 2024.

5.2. Merknader og fråsegner

Det kom ingen merknader inn ved offentleg høyring av søknaden.

6. Klagerett

Atløy Båt & Marina AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg:

1 Atløy Båt og Marina AS - løyvedokument Natura - 4000 tonn/år

Mottakarliste:

ATLØY BÅT & MARINA AS	Postboks 452	6801	FØRDE
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Kopi til:

Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL



Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 17.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare om dei treng ei slik endring.

Data om verksemda

Akvakulturlokalitet ¹	45242 NATURA
Produksjonskapasitet	4 000 tonn årleg produksjon av postsmolt av laksefisk
Kommune og fylke	Askvoll i Vestland
Gards- og bruksnr.	54/33
Verksemd	ATLØY BÅT & MARINA AS
Postadresse	Postboks 452, 6801 Førde
Org. nummer	983 493 777
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 52.221 Drift av havne- og kaianlegg

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2025.0212.T	4645.0075.01	2022/9513 - 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
Anlegg: 61°19.425' N, 4°56.950' Ø Utsleppspunkt: 61°19,050' N, 4°56,158' Ø	0280031600-C Aldefjorden	Sunnfjord

Løyve gjeve fyrste gong: 19.02.2025	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: 07.03.2025
Sissel Storebø seksjonsleiar	Gunn Helen Henne senioringeniør	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

¹ Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

Innholdsliste

1.	Rammevilkår	4
2.	Generelle vilkår.....	4
2.1	Utsleppsavgrensingar	4
2.2	Plikt til å halde grenseverdier	4
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg.....	4
2.4	Plikt til førebyggjande vedlikehald	4
2.5	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	5
2.6	Internkontroll	5
3.	Utslepp til vatn.....	5
3.1	Utsleppsgrenser	5
3.2	Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel.....	5
3.3	Utsleppsstad	6
4.	Utslepp til luft	6
4.1	Lukt.....	6
5.	Grunnforureining og forureina sediment.....	6
6.	Kjemikal	7
6.1	Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel.....	7
6.2	Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten	7
7.	Støy og lys.....	7
7.1	Støy.....	8
7.2	Lys.....	8
8.	Energi.....	8
9.	Avfall.....	9
9.1	Generelle krav	9
9.2	Handtering av avfall	9
9.2.1	Generelle krav til handtering.....	9
9.2.2	Handtering av produksjonsavfall og slam	10
9.3	Plastforsøpling og mikroplast.....	10
10.	Utsleppskontroll, journalføring og rapportering av utsleppsmengder	10
10.1	Utsleppskontroll og journalføring	10
10.2	Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevant data	11
11.	Overvaking av resipient og rapportering av miljødata	11
11.1	Overvaking av miljøtilstand	11
11.2	Tiltaksplikt ved redusert miljøtilstand	12
11.3	Kartlegging av sårbart naturmangfald	13
11.4	Årleg sjekk av strandsone.....	13
11.5	Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase.....	13
12.	Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining.....	14
12.1	Miljørisikoanalyse	14
12.2	Førebyggjande tiltak.....	14
12.3	Beredskap mot akutt forureining.....	14
12.4	Varsling av akutt forureining.....	14
13.	Eigarskifte.....	14
14.	Nedlegging	15
15.	Tilsyn	15
	VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. vilkår 2.1	16

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

Endringslogg

Tabell 1. Endringar i løyvedokumentet sidan løyvet vart gitt første gong

Endringsnr.	Dato	Punkt	Endringar
0	19.02.2025	Alle	Første løyve vart gitt 19.02.2025
0.1	07.03.2025	Framsida	Oppdatert mot databasar: lokalitetsnr. tildelt i Akvakulturregisteret, og løyve- og anleggsnr. i Forurensning

1. Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå landbasert produksjon av postsmolt av laksefisk.

Løyvet gjeld for ein samla produksjon på inntil **4 000 tonn** fisk per år, med maksimalt dei utsleppsmengdene for utslepp til vatn som er gitt i vilkår 3. Dette punktet føreset at det skal vere utsleppsreducerande tiltak i produksjonen.

Dersom heile eller vesentlege delar av produksjonen ikkje er teken i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende inn opplysningar om framdriftsplanar og eventuelle endringar som gjeld reinsing, utslepp eller andre tilhøve med verknad for ytre miljø. Statsforvaltaren kan på bakgrunn av slike nye opplysningar gjere nødvendige endringar i løyvet i samråd med verksemda. Endringar i løyvet kan mellom anna innebere oppdatering av standardvilkår, oppheving av unødvendige vilkår eller nedjustering/tilbaketrekking av delar av tildelt produksjonsramme.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre lovleg dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i løyvet.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.5 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. *Akutt forureining* skal varslast i samsvar med vilkår 12.4.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre miljørisikoanalyse er nærare omtalt i vilkår 12.

3. Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsgrenser

Verksemda skal ha utsleppsreducerande tiltak i form av reinsing av prosessavløpsvatnet frå anlegget. Utsleppsgrenser for næringsstoff og organisk materiale er synt i *Tabell 2*. Krav om utsleppskontroll, journalføring og rapportering for desse komponentane er gitt i vilkår 10.

Tabell 2: Grenseverdier for utslepp av næringsstoff og organisk materiale.

Komponent	Utsleppsgrenser		Gjeld frå
	Årleg utslepp* tonn/år	Spesifikt utslepp** kg/tonn fisk	
Total nitrogen (tot-N)	161,6	40,4	19.02.2025
Total fosfor (tot-P)	22,8	5,7	19.02.2025
Total organisk karbon (TOC)	300,0	75,0	19.02.2025

*Totale utslepp berekna frå 4 000 tonn årleg biomasseproduksjon og 4 000 tonn årleg fôrforbruk.

**Utslepp per tonn produsert biomasse som årleg gjennomsnitt.

3.2 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel

Utslepp av sink, kopar og prioriterte miljøgifter som t.d. kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE i fôrspill og fekaliar er tillate, men det skal reduserast mest mogleg i tråd med krav i vilkår 2.3 og vilkår 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom fôret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Statsforvaltaren kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuelt også strengare regulering.

² [Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(internkontrollforskrifta\) av 06.12.1996, nr. 1127.](#)

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive.

Utslepp i samband med klinisk utprøving av nye legemiddel utan marknadsføringsløyve er ikkje omfatta av dette løyvet.


Utslepp frå akvakulturanlegget skal ikkje føre til at utslepp av stoff som nemnt i vassforskrifta³ vedlegg VIII C og D nr. 2 eller vassregionspesifikke stoff⁴ over tid blir akkumulert på sjøbotn, slik at mengda overstig miljøkvalitetsstandardar for sediment.

3.3 Utsleppsstad

Utsleppet skal skje på ein slik måte at innblandinga i dei omkringliggende vassmassane vert best mogleg, og med minst mogleg negative effektar for miljø og naturmangfald.

Avløpsvatnet skal førast ut via avløpsleidning i sjøen sør for Barsundet, som vist i *Figur 1*. Oppgitt posisjon for utsleppspunktet er 61°19,050' N, 4°56,158' Ø (WGS 84). Oppgitt utsleppsdjupne er 37 meter.

Statsforvaltaren skal haldast orientert om posisjon og djupne for utsleppet. Ved ønskje om å endre på utsleppspunktet, må det avklarast med Statsforvaltaren om ønskt endring av utsleppspunktet krev endring av løyvet og eventuelt spreingsberekningar.



Figur 1. Utsleppsstad i sjøen sør for Barsundet.

4. Utslepp til luft

4.1 Lukt

Akvakulturanlegget skal drivast slik at luktulemper til omgjevnadene blir avgrensa mest mogleg. Dette gjeld også for bruk av tenesteleverandørar.

Slamhandtering, fôrlagring, daudfiskhandtering, reingjering og tørking av utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

Verksemda skal ha oversikt over kjelder til lukt og vurdere behov for tiltak.

5. Grunnforureining og forureina sediment

Aktivitetar skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemnande skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller

³ [Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446](#)

⁴ Punkt 11.9.6 i [02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann](#)

ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Verksemnda pliktar til å til ei kvar tid halde oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment i sjøen. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2⁵, og eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

6. Kjemikal

Vilkåra i dette punktet gjeld når verksemnda nyttar kjemiske stoff og stoffblandingar i drifta, til dømes desinfeksjonsmiddel, legemiddel, ensileringskjemikal, groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

6.1 Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemnda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også vilkår 2.6 om internkontroll.

Verksemnda pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikal der vurdering og konklusjon blir dokumentert. Verksemnda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternative kjemikal eller metodar finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemnda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe⁶.

Verksemnda pliktar å vurdera alternative metodar for å førebyggja sjukdom og parasittar, for å redusere bruken av legemiddel. Denne plikta gjeld ikkje når veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive legemiddelbehandling.

6.2 Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten

Dersom fisken i anlegget skal behandlast med legemiddel skal verksemnda informere veterinær eller fiskehelsebiolog som føreskriv legemiddelet om forhold som har noko å seie for effektane av utslepp frå legemiddelbehandlinga. Dette inkluderer omtale av artar og naturtypar i resipienten som kan verte negativt påverka av utslepp, og lokale forhold (inkl. djupne og straum) som har noko å seie for spreinga av utsleppet.

7. Støy og lys

Akvakulturanlegget skal utformast og verksemnda skal driftast slik at det ikkje fører til nemneverdige støy- og lysulemper for omgjevnadene. Bruk av tenesteleverandørar skal planleggast slik at det ikkje fører til støy-, lukt- og lysulemper.

⁵ Jf. forureiningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

⁶ Jf. Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

7.1 Støy

Akvakulturanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grensene i *Tabell 3*, berekna som innfallande lydtryknivå ved mest støyutsette fasade:

Tabell 3. Støygrenser

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Natt (kl. 23-07)
Kvardagar: 55 dB ($L_{pAekv12h}$) Laurdagar, sundagar og heilagdaggar: 50 dB ($L_{pAekv12h}$)	50 dB ($L_{pAekv4h}$)	Gjennomsnitt: 45 dB ($L_{pAekv8h}$) Maksimum: 60 dB (L_{AFmax})

L_{pAekvT} : gjennomsnittleg (energimidla) nivå for varierende støy over ein gitt tidsperiode, T. For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

L_{AFmax} : gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette, er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene vil ikkje gjelde for bygningar av typane nemnt over, som vert etablert etter at støygrensene vart vedtekne.

Aktivitetar som er ekstra støyande og som vil gå føre seg utanfor dagperioden kl. 07-19, skal førehandsvarslast til berørte naboar.

7.2 Lys

Lysbruk på anlegget skal innrettast slik at det er til minst mogleg sjenanse for omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar.

Ved aktivitet ved anlegget på kveld og natt, må bruk av lys planleggjast slik at det vert minst mogleg til ulempe for naboar eller andre.

8. Energi

Verksemda skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. vilkår 2.6. og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

Verksemda skal utnytte overskotsenergi internt når dette er teknisk og økonomisk mogleg.

Spesifikt energiforbruk skal reknast ut og journalførast årleg, jf. vilkår 10.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemnda sin aktivitet.

For materiale som vert nytta som biprodukt skal det kunne dokumenterast at materialet kan brukast direkte utan anna omarbeiding enn det som er normalt i industriell praksis jf. forureiningslova § 27 andre ledd.

Verksemnda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Verksemnda skal redusere risiko for marin forsøpling mest mogleg.

Verksemnda pliktar å syte for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsett i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast for å oppnå at det skal reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av avfall

9.2.1 Generelle krav til handtering

All handtering av avfall skal utførast slik at det ikkje fører til avrenning til omgjevnadane. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader⁷.

I tillegg gjeld følgjande:

- All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. vilkår 2.6 om internkontroll og vilkår 12 om beredskap.
- Verksemnda skal ha oversikt over kor ulike typar avfall er lagra.
- Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merka slik at ein ser kva som er lagra.
- Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at farlege stoff blir danna, skal lagrast med nødvendig avstand.
- Alt farleg avfall, uavhengig av mengde, skal lagrast innandørs og på tett dekke⁸ med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan godtakast dersom verksemnda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt vern.

For visse typar tanklagring gjeld forureiningsforskrifta kapittel 18.

⁷ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 11-8

⁸ Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materialar/avfallstypar.

9.2.2 Handtering av produksjonsavfall og slam

Oppsamla organisk produksjonsavfall skal så langt mogeleg utnyttast som ein ressurs, og skal handsamast i høve til gjeldande regelverk på dette området.

Organisk produksjonsavfall som slam, død fisk, fôrrestar, m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for forureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere større mengder produksjonsavfall som følgje av uhell som t.d. driftsstans på utstyr, sjukdom eller anna.

Verksemda skal utarbeide ein plan for tiltak, inkludert alternativ disponering av slam, ved både planlagt og ikkje planlagt driftsstans i slambehandlinga. Planen skal til ei kvar tid haldast oppdatert.

Ensilasjetankar skal ha tilstrekkeleg kapasitet og vere forsvarleg sikra mot utslepp til miljøet. Verksemda skal ha beredskap til å kunne handtere massiv fiskedød.

Eventuelt organisk produksjonsavfall som inneheld antibiotika skal lagrast i eige lager med tilstrekkeleg kapasitet.

9.3 Plastforsøpling og mikroplast

Verksemda sin internkontroll etter vilkår 2.6 skal inkludere risikovurderingar og tiltaksplanar for å redusere forsøpling og utslepp av mikro- og makroplast. Dette gjeld også slitasje på plastbasert produksjonsutstyr.

10. Utsleppskontroll, journalføring og rapportering av utsleppsmengder

10.1 Utsleppskontroll og journalføring

Verksemda pliktar å systematisk kartleggje eigne utslepp til vatn.

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll. I programmet skal verksemda gjere greie for sine faktiske utslepp til vatn, med oversyn over alle utsleppstraumar, volum (så langt som råd er) og innhald. Programmet skal også gjere greie for korleis verksemda sikrar representativ prøvetaking og reknar ut sine utslepp.

Programmet for utsleppskontroll skal til ein kvar tid vere oppdatert.

Følgjande informasjon om drifta skal journalførast og oppbevarast i minst fem år:

1. Biomasseproduksjon, inkludert dødfisk
2. Fôrforbruk og fôrtype, handelsnamn og konsentrasjon av eventuelle miljøgifter (stoff nemnt i vassforskrifta⁹ vedlegg VIII C og D og vassregionspesifikke stoff)
3. Mengd oppsamla slam, målingar av innhald av tørrstoff i slammet og målingar av innhald av nitrogen, fosfor, TOC og målingar av miljøgifter i tørrstoffet (same som i fôret).
4. Kjemikaliebruk (kjemikalietype, produktnamn, mengd og forbruksperiode)
5. Legemiddelbruk (legemiddeltype, produktnamn, mengd og forbruksperiode)
6. Ensilasje (mengd og kven ensilasjen er levert vidare til)
7. Naboklager og meldingar på lukt, lys og støy frå drifta inkludert frå transport, lossing, lasting, og hendingar som kan vere årsak til slike ulemper. Det skal journalførast tidspunkt, mogleg årsak, namn, adresse og kontaktinformasjon til personar som har meldt frå.

⁹ [Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446](#)

8. Rapportar frå gjennomførte miljøgranskingar
9. Energiforbruk

10.2 Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevant data

Verksemnda skal rapportere utsleppsrelevante data på den måten Statsforvaltaren bestemmer. Som eit minimum skal verksemnda innan 1. mars kvart år rapportere følgjande data frå året før til Statsforvaltaren:

1. Årleg biomasseproduksjon inkl. daudfisk
2. Årleg fôrforbruk i kilo og fôrtype
3. Årleg mengd oppsamla slam, resultat av analysar av innhald av tørrstoff i slammet og resultat av analysar av innhald av nitrogen, fosfor og TOC og eventuelt av miljøgifter (stoff nemnt i vassforskrifta¹⁰ vedlegg VIII C og D og vassregionspesifikke stoff) i tørrstoffet.
4. Eventuelle avvik knytt til utsleppsforhold eller utsleppskontrollen

11. Overvaking av resipient og rapportering av miljødata

11.1 Overvaking av miljøtilstand

Verksemnda skal dokumentere moglege miljøeffektar i resipienten av sin aktivitet og korleis utslepp frå verksemnda påverkar tilstanden (økologisk og kjemisk) i vassførekomsten. Miljøovervakinga skal femne om anlegget sine nærområde i strandsona, overflatevatnet i influensområde, og djupvatn, botnfauna og sediment i sedimenteringsområde.

Verksemnda skal innan produksjonsstart levere eit framlegg til eit risikobasert overvakingsprogram, og gjennomføre nødvendige miljøgranskingar for å dokumentere no-tilstanden som seinare miljøgranskingar skal samanliknast med. Vidare overvakingsfrekvensar skal tilpassast storleiken på utsleppa og resultat av tidlegare granskingar.

Overvakingsprogrammet skal som eit minimum omfatte granskingane som er spesifisert nedanfor. Det må også ta omsyn til føringar frå vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking¹¹, for både kjemiske og biologiske kvalitetselement, jf. rettleiar 02:2018 om klassifisering av miljøtilstand i vatn, kapittel 9, tabell 9.1.

Overvakinga skal skje på faste overvakingpunkt. Prøvetaking, analysar og fagleg vurdering skal gjennomførast av fagkyndig og uavhengig organ i samsvar med overvakingsprogrammet. Desse skal også så langt mogeleg vere akkrediterte for oppgåva.

Rapportar frå miljøgranskingar skal der det er aktuelt vise resultat klassifisert etter miljøkvalitetsstandardane i vassforskrifta¹², utvikling sidan siste gransking og trendar over tid. Rapportar skal også innehalde faglege vurderingar av resultatata.

Botn

- Trendbasert overvaking av miljøtilstanden i sedimenta på sjøbotn. Resipientgranskingane skal som eit minimum inkludere parametrane makro infauna (botnfauna), sedimentkvalitet, sedimentkjemi inklusive sink og oksygen i botnvatnet.
- I samband med resipientgransking skal det samtidig takast ei sedimentprøve frå kvar prøvestasjon som skal analyserast for innhald av miljøfarlege stoff som nemnt i [forskrift 15](#).

¹⁰ [Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446](#)

¹¹ <https://www.vannportalen.no/veiledere/>

¹² Veileder M-608 | 2016 Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota – revidert 30.10.2020 [*M608.pdf](#)

[desember 2006 nr. 1446 om rammer for vannforvaltning vedlegg VIII](#) C og D nr. 2 dersom anlegget har hatt utslepp av desse stoffa. Dersom det har blitt sleppt ut meir enn ubetydelege mengder av vassregionspesifikke stoff¹³ skal prøvane også analyserast for innhald av desse stoffa.

- Utsleppa sin påverknad på hardbotn i nærleiken av utsleppspunktet skal vurderast for visuell overvaking med undervassdrone e.l. Ved eventuelle funn av sårbart naturmangfald, jf. vilkår 11.3 skal vidare overvaking av førekomstane vurderast som del av overvakingsprogrammet.

Vassøyla

- Trendbasert overvaking av miljøtilstanden i vassøyla. Granskingar skal som eit minimum inkludere parametrane vasskjemi (tot-N, tot-P) samt klorofyll.
- Hydrografisk profil med oksygen i relevante djupområde.

Strandsona

- Trendbasert overvaking av miljøtilstanden til makroalgane i strandsona og grunne område i samsvar med rettleiar for makroalgar i vassforskrifta.

I tillegg til overvakingsprogrammet skal det gjennomførast kartlegging av sårbare arter og sjekk av strandsona jf. vilkår 11.3. og 11.4.

Verksemnda skal før kvar ny runde av overvakingsprogrammet vurdere om dei tidlegare utførte miljøgranskingane dekkjer miljøpåverknaden tilfredsstillande, eller om det er trong for andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget, innhald av framandstoff i fôret, og påverknad på naturmangfald skal inngå i denne vurderinga. Verksemnda må sjølv setje i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

Statsforvaltaren kan pålegge verksemnda å gjennomføre meir omfattande granskingar dersom det er naudsynt for å kartlegge anlegget sin forureiningseffekt på resipienten jf. forureiningslova § 51. Verksemnda kan og bli pålagt å betale ein høveleg del av kostnadene ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemnder med utslepp i området.

11.2 Tiltakspålikt ved redusert miljøtilstand

Dersom resultat av miljøovervaking syner negativ utvikling skal verksemnda varsle Statsforvaltaren og gjere tiltak for å betre miljøtilstanden.

Tilfelle der det krevst tiltak

- Dersom ei resipientgransking syner at den økologiske tilstanden i influensområdet¹⁴ vert dårlegare over tid.
- Dersom ei gransking av miljøfarlege stoff syner konsentrasjonar i sedimentprøvene i influensområdet som overstig grenseverdiane for tilstandsklasse II. Det same gjeld om konsentrasjonen av stoff i prøver nær ved utsleppspunktet overstig grenseverdiane for tilstandsklasse III.
- Dersom tilstanden for oksygen i botnvatnet i resipienten vert dårlegare enn tilstandsklasse II.

¹³ Punkt 11.9.6 i [02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann](#)

¹⁴ Område utanfor utsleppet der det er forventa ei viss grad av påverking, ref. faktaark om vassovervaking frå Miljødirektoratet [*M1288.pdf](#)

Ved tvil om årsakssamanheng skal verksemda gjere tilleggsgranskingar for å vurdere omfanget av forureininga, om det er sannsynleg at den skuldast utsleppa frå akvakulturanlegget og, om dette er tilfellet, kva miljørisiko forureininga representerer.

Dersom utsleppa frå anlegget bidreg til den reduserte miljøtilstanden skal verksemda lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen.

11.3 Kartlegging av sårbart naturmangfald

Utslepp frå anlegget skal ikkje gje nemnande reduksjon i naturmangfaldet i nærleiken av anlegget.

Før oppstart av produksjon i anlegget skal det gjerast ei marinbiologisk kartlegging av sjøbotnen innafor aktuelt kartleggingsområde¹⁵ for å avdekke ev. førekomstar av sårbart naturmangfald.

Ein plan for kartlegginga skal sendast Statsforvaltaren for eventuelle merknader seinast 3 veker før kartlegginga er planlagt starta. Kartlegginga skal utførast av kompetent og uavhengig organ.

Rapport med faglege vurderingar av resultatata skal sendast til Statsforvaltaren så snart resultatata er klare og seinast 4 veker før oppstart av produksjonen som medfører utslepp.

11.4 Årleg sjekk av strandsone

Verksemda skal syte for at det årleg blir gjennomført synfaring av strandsona for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget. Eventuell effekt av overgjødsling må sjekkast i sommarhalvåret.

Oppfølging av strandsona skal vere ein del av anlegget sin internkontroll, og treng ikkje gjennomførast av eksterne uavhengige organ.

Eventuelt avfall skal fjernast. Synleg forureining som til dømes feitt og oljefilm, og effektar av forureining som kan skuldast forureining frå verksemda som til dømes algevekst skal dokumenterast med tekst og bilete.

Dersom ei strandsonegransking syner at strandsona er synleg påverka av drifta ved akvakulturanlegget, skal verksemda lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen for å betre tilhøva.

11.5 Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase

Rapportar frå miljøgranskingar som blir gjennomførte etter vilkår 11 skal sendast fortløpande til Statsforvaltaren via Altinn, eller på annan måte som Statsforvaltaren bestemmer.

Resultat frå miljøgranskingane som blir gjennomførte skal fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø¹⁶, så langt dataa det gjeld er parametrar som er mogleg å registrere. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk finst på <http://vanmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Funn av sårbart naturmangfald skal registrerast i databasane Artskart og Naturbase.

¹⁵ Rettleiing for avgrensing av kartleggingsområdet ved matfiskanlegg; [Forslag-kartleggingsmetodikk-sårbar-natur-akvakultur.pdf](#) Nyttast så langt det passar for utslepp frå landbaserte anlegg.

¹⁶ Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn: <http://vanmiljo.miljodirektoratet.no/>

Data frå miljøgranskingar og kartleggingar i samband med søknaden skal også registrerast i databasane, dersom dette ikkje er gjort tidlegare. Frist for innlegging er 01.06.2025.

12. Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining

12.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet og til ei kvar tid ha oversikt over alle forhold som kan medføre forureining, og kunne gjere greie for risikoforhold. Verksemda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær og framtidige klimaendringar.

Verksemda skal kartlegge potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining av vatn, grunn og luft.

12.2 Førebyggjande tiltak

På bakgrunn av miljørisikoanalysen i vilkår 12.1 skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak.

12.3 Beredskap mot akutt forureining

Dersom dei førebyggjande tiltaka i vilkår 12.2 ikkje har redusert risikoen for akutt forureining til eit akseptabelt nivå, må bedrifta utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i miljørisikoanalysen i vilkår 12.1.

Beredskapsplanen skal omtale den etablerte beredskapens organisering, personell og utstyr, og oppgi responstid og innsatsplanar. Beredskapsplanen skal dokumenterast som ein del av internkontrollen i vilkår 2.6 og haldast oppdatert.

Beredskapen skal vere tilpassa den restrisikoen som er att etter at førebyggjande risikoreduserande tiltak er gjennomført, når det gjeld organisering, personell, utstyr, kompetanse og opplæring.

Beredskapen skal øvast på minst ein gong i året.

12.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift¹⁷.

Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

13. Eigarskifte

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

¹⁷ [Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269](#)

14. Nedlegging

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsette nærare krav til tiltak som er naudsynte for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogeleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert slam, ensilasje og daud fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹⁸. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal og innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukne kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege syte for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand. Bedrifta skal også for nedleggingsåret rapportere utsleppsrelevante data og eventuelle avvik, jf. vilkår 10.2.

Dersom verksemda ønskjer å starte opp att etter lengre tids driftsstans, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

15. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne gjev mynde til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

¹⁸ [Avfallsforskrifta kapittel 11](#) om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. vilkår 2.1

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafin C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloretan	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat

Nonylfenolar og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salt av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Perfluorheksansyre	PFHxA
2,3,3,3-tetrafluoro-2-(heptafluoropropoksy)propionsyre	HFPO-DA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon**PAH****Ftalat**

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A**BPA****Siloksan**

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Organiske UV-filter

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
3-benzylidene-1,7,7-trimethylbicyclo[2.2.1]heptan-2-one	3-BC